



**Stølsheimen  
verneområdestyre**

**Postadresse**  
Stølsheimen verneområdestyre  
Njøsavegen 2  
6863 Leikanger

**Besøksadresse**  
Fjordsenteret  
5745 Aurland

**Kontakt**  
Sentralbord: +47 57 64 30 00  
Direkte: +47 5764 3129

fmv/post@fylkesmannen.no  
www.nasjonalparkstyre.no/Stølsheimen

Stølsheimen verneområdestyre og rådgjevande utval

Sakshandsamar Anbjørg Nornes

Vår ref. 2019/18547-0 432.2

Dykkar ref.

Dato 18.08.2021

## Dialogmøte Stølsheimen verneområdestyre og rådgjevande utval 20. september 2021

Rådgjevande utval (RU) for Stølsheimen vert med dette kalla inn til dialogmøte med Stølsheimen verneområdestyre. Møtet er lagt til Vik måndag 20. september.

På dialogmøtet i fjor vart det bestemt at møtet i år skulle vera i Finnafjorden eller i Torvedalen. På grunn av utbrotet av covid-19 og den spesielle situasjonen vi er i med restriksjonar for å unngå smittespreiing, er det vanskeleg å gjennomføra møte med utflykt til Finnabotnen. Møtet er planlagt som dagsmøte i Vik, med fylgjande program:

- Byggeskikk i Stølsheimen og byggeskikk-kampanjen – synfaring til naustmiljø i Vik. Inga Lindstrøm frå Vestland fylkeskommune deltek med faglege råd.
- Informasjon om prosjektet med evaluering av skjøtselstiltak på stølane i Stølsheimen og rapport frå registrerte stølar. Orientering frå Nils Kvamme og verneområdeforvaltarane.
- Informasjonstiltak i Stølsheimen v/verneområdeforvaltarane

Oppmøte ved Blix Hotell i Vik sentrum kl. 10. Vi går ned til naustmiljøet i Vik og ser på restaurert naust. Resten av møtet og lunsj vert på Blix hotell.

Etter felles dialogmøte vert det møte i RU og verneområdestyret. Alle inviterte kan delta på begge møta.

Sakliste RU:

- Val av nestleiar for RU for to år.
- Innmeldt saker. Frist for innmelding av saker er 6. september.
- Gjennomgang av saker behandla av Stølsheimen verneområdestyre i 2020/2021
- Gjennomførte tiltak 2021
- Innspel til tiltaksplan 2022 for Stølsheimen landskapsvernområde

Sakliste for Stølsheimen verneområdestyre vert sendt ut til verneområdestyret 13. september, og vert lagt ut på heimesida til [Stølsheimen verneområdestyre](#)

Møtet vert avslutta ca. kl. 16.00

Ber om svar frå alle inviterte innan 13. september om de deltek på dialogmøtet eller ikkje. Gje melding om ev matallergiar. Svar sender de til underteikna på e-post eller telefon.

Ta gjerne kontakt om de har spørsmål til samlinga.



**Stølsheimen  
verneområdestyre**

---

Vel møtt til dialogmøte !

Med helsing

Anbjørg Nornes  
verneområdeforvaltar

*Dokumentet er elektronisk godkjent*

Adressatar (pr. e-post):

<b>Organisasjon</b>	<b>Namn</b>
BKK	Sissel Hauge Mykletun
Høgskulen i Sogn og Fjordane	Lisbeth Dahle
Grunneigarlag Høyanger	Joar Oppedal
Grunneigarlag Voss	Lars Kn. Mørkve
Grunneigarlag i Vik	Ola Engum
Grunneigarane på Steinsland, Modalen	Anders Steinsland
Grunneigarlaga Vaksdal	Arne Nesheim
Fjellheimen villreinutval	Hildegunn Mugås
Nordfjella og Fjellheimen villreinnemnd	Olav J. Bøthun
Statsforvaltaren i Vestland	Øistein Aasland/Tom Dybwad
Bergen og Hordaland Turlag/Voss Utferdslag	Johnny Bjørge
Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane/Hordaland	Kåre Flatlandsmo
Statens Naturoppsyn	Kristoffer Ullern Hansen
Stølsheimen verneområdestyre	

Kopi til:  
Sekretær Nordfjella, Fjellheimen og Raudafjell villreinområde  
Administrativt kontaktutval Stølsheimen  
Inga Lindstrøm, Vestland fylkeskommune